

MØTEREFERAT

PROSJEKT: Brannhydrantar, kummar og leidningsnett
Type møte: 04 – Synfaring i samband med innlevering av prosjektering og pris etter konkurransegrunnlag kunngjort på Doffin.

Stad: Kommunehuset i Vågå
Møtedato: 26.4.13 kl 1000
Utskriftdato: 29.4.13

AGENDA:

Obligatorisk anbodssynfaring i samband med anbod for brannhydrantar, kummar og leidningsnett kunngjort på Doffin.

Til stades:

Funksjon	Person	Firma
Byggherre	Tom Jøransen	Vågå kommune
Interessenter		
Observatør	Ole Jakob Holen	Senterpartiet, kommunestyrerep
Observatør	Steinar Aasgaard	Bygdalilsta, kommunestyrerep

Sendt til: ABAKUS som er ansvarleg for dokumentflyt.

REFERAT:

Synfaringa blei gjennomført 26.4.13 kl 1000 med oppmøte ved Vågå kommunehus. Det blei gått ein runde for og sjå på dei kummar som er beskrivi i anbodsgrunnlaget. Under synfaringa fekk interessentar sjølv eit innblikk i kva som må gjerast.

Alle kummar som er beskrivi i underlaget ønskja nyte.

Steinar Aasgaard og Ole Jakob Holen sitt i kommunestyret i Vågå og var med som observatørar.

Alle henvendingar skal rettast til ABAKUS.

I samråd med interessantar blir frist for innlevering av pris utsett til 27.5.13 kl 1200.

Byggherre presiserer følgjande: Leverandør skal sjølvre prosjektere løysing og levera pris på dette. Byggherre har satt opp ein del dimensjonar og liknande i den tekniske beskrivinga. Desse kan sjåast på som ønskje frå byggherre sin side, men den endelige løysing skal interessantar sjølvre prosjektere. Interessantar vel sjølvre kva løysing dei vil gå for og leverar pris på dette.

Punkt	Sak
1	Kum 33. BH ønskjer ny. Leverandør må prosjektere sjølve.
2	Kum 173. BH ønskjer ny. Leverandør må prosjektere sjølve.
3	Kum 76. BH Leverandør må prosjektere sjølve.
4	Kum 316. BH ønskjer ny. Leverandør må prosjektere sjølve.
5	Kum 577. BH ønskjer ny. Leverandør må prosjektere sjølve.
6	Plassering hydrant. Leverandør må prosjektere sjølve. BH har etter kart i anbodsdocumenta anvist plassering av disse. Hydrant på langs Industrivegen bør knyttes til leidning på Ø225.
7	Leidningstrekk mellom kum 316 og kum 76. BH har anvist tilkoplingspunktar etter kart i anbodsdocument. BH satt i anbodsdocument Ø110 på leidning, men BH presiserer at dette må leverandør sjølve prosjektere. Det er midlertid eit ønskje frå BH at det minimum leggast Ø110. BH har og skissert mogleg trasé.

MØTEREFERAT

8	
9	

Ved eventuelle kommentarar/rettingar sendes dette referent snarast.

Referent: Tom Jøransen, Vågå kommune